

# KYRKJEBLAD FOR ÅL



ANDAKT – TAKKNEMLIGHET / SOKNERÅDET I ÅL / GATESONG I BERGEN  
VISITAS MED BISKOP JAN OTTO MYRSETH / BARNAS

NR. 2 | 2024 | 65. ÅRGANG

## *Hvor hadde vi det fra?*

KOLBEIN FALKEID

*Men hvem sa at dagene våre  
skulle være gratis?  
At de skulle snurre rundt  
på lykkehjulet i hjertet vårt  
og hver kveld stoppe på gevinst?  
Hvem sa det?  
Hvor hadde vi dét fra?*

*Hvem sa at livet vårt  
skulle være lett å bygge ferdig?  
At mursteinene var  
firkantede ballonger  
som føk på plass av seg selv?  
Hvem sa det?  
Hvor hadde vi dét fra?  
Der var piller for alt: nerver,  
vedvarende hoste og anemi.*

*Men hvem sa at snarveiene  
støtt var kjørbare? At fjellovergangene  
aldri snødde til? Og at nettopp vi  
skulle slippe å stå fast i tunnelen?  
Ja, hvem sa det?  
Hvor i all verden hadde vi dét fra?*

«Robinson» i 1981

# Fokus: Takknemlighet

# Takknemligheten

Eg har mykje å vere takksam for. Eg er nok ikkje alltid så flink til å vise det, kanskje ikkje alltid så flink til å inn-sjå det sjølv heller, men eg har mykje å vere takksam for. Eg bur i eit land som er fredfullt og trygt. Eg har mat på bordet, og reint vatn i springen. Eg har ein jobb med mening. Eg har familie og vener. Sjølv om det ikkje alltid er perfekt, har eg eit godt liv. Eg har mykje å vere takksam for.

For berre nokre få månader sidan, døydde bestemora mi. Eg ber på ei sorg over å ha mista ho, men mykje større enn sorga ber eg ei takksemd over at ho har levd. At eg har hatt ho i livet mitt i nesten 30 år. Ei takksemd over alt eg har fått oppleve med ho. Når eg var liten, budde bestemor berre to hus unna. Når eg vart sint på mamma,

## ANDAKT



Foto: Birgit Bolstad

Av Ole-Jonny  
Kleveland Lomme  
Prostiprest

så rømde eg til bestemor. Sjølv om eg sjeldan sa ifrå til mamma, så visste ho kvar eg var. Visste kvar ho skulle ringe for å seie ifrå at det var på tide å kome heim igjen for å leggja meg.

Når eg mimrar tilbake no, så tenkjer eg på salme 23 i bibelen:

*Herren er min hyrding,  
eg manglar ikkje noko.*

*Han lèt meg liggja i grøne enger,  
han fører meg til vatn der eg finn kvile.  
Han gjev meg nytt liv.  
Han leier meg på rettferds stigar  
for sitt namn skuld.*

Eg tenkjer at Gud er både som bestemor og som mamma. Hos Gud har eg ein trygg stad eg kan rømme til når ting er kjipt. Når det er litt vanskeleg å vere

takksam. Ein stad eg kan roa meg ned når verda er stressande eller eg blir sint. Til Gud kan eg både klage og takke. For Gud toler bae deler. Mykje av bibelen ber preg av det, at folk til alle tider har kome til Gud med både klage og med takk. Eg er takksam for å ha ein Gud som toler meg, uansett om eg er glad eller sint, lykkeleg eller trist.

Når eg blir litt for sint på Gud, så veit eg at Gud framleis passar på meg og ventar på meg. Gud veit kvar eg er, akkurat som mamma. Gud veit kvar eg er, og ventar på meg når eg kjem heim att. Og er ikkje sint for at eg rømde, men seier kjærleg at neste gong må eg seie ifrå før eg dreg.

Eg har mykje å vere takksam for. Tryggleik, fred, mat, vatn, jobb, familie og vener. Ein Gud som toler meg, og som ventar på at eg kjem heim att.

## Soknerådet i Ål



Frøydis Stoveland Dekko  
(leiar)



Anne Kjersti Frøyen  
(nestleiar)



Arild Øystese Hansen



Audun Vestenfor



Inger Haug



Ingrid K. Hajem



Liv Solberg



Geir Wiknes  
(sokneprest)

## NOKRE ORD FRÅ DIAKONEN



Foto: Privat

### Visste du at takknemlighet kan gi oss:

- Reduksjon av depresjon, angst, misunnig og stress.
- Betre søvn.
- Mindre smerter fysisk og mentalt.
- Lågare blodtrykk og styrket immunforsvar.
- Motstandsdyktighet mot traumer.
- Auka energi.

Kilde: National Institutes of Health



## KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Line Bakke og Ingvild Kringlebotten Stautland | Dei usignerte artiklane har redaktøren skrive  
BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd  
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

## KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag–fredag kl. 08.30–14.00 | post.aal@kyrkja.no | www.aal.kyrkja.no  
PROST Sveinung Hansen | SOKNEPREST Geir Wiknes | PROSTIPREST Ole-Jonny Kleveland Lomme  
KYRKJEVERGE Svetlana Anistratenko | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito • Vemund Olav Aukrust  
DIAKON Line Bakke | TROSOPPLÆRAR Gina Ingeborg Hagen (august) | REINHOLDAR Kamila Pruchnik | KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen  
SOKNERÅDSLEIAR Frøydis Stoveland Dekko | FELLESRÅDSLEIAR Arild Øystese Hansen



# Gatesong i Bergen



Mari Arnegard Berg (t.v), Andreea Lacramiorra Gabor og Karoline Fluto (t.h) Foto: Line Bakke



## Tur med fløybanen

Foto: Kristin Fluto

19-21 april dro årets konfirmanter til Bergen. Mari, Andreea og Karoline er tre av dei som har hatt det veldig gøy på turen.



Eit minne for livet trur dei var oppgåva med å syngje på Bryggen, og ikkje minst alle dei artige aktivitetane rundt om i byen. Ekstra stas var det å bli kjend med fotballgutane og basketballjengen frå Bærum og Trondheim.

### **Kva har ellers vore dei finaste minna frå konfirmasjonstida?**

Jentene er samde om at det har vore spennande å vera minstrantar- som vil seie at dei har ulike ansvarsområde under ei gudsteneste. Lysmessa i Torpo med fakkeltog var og eit høgdepunkt.

## No er det din tur

Velkomen som konfirmant i Leveld, Torpo og Ål!  
Er du konfirmant i Leveld, Torpo eller Ål kyrkje i 2025?  
Alle ungdommar fødde i 2010 er velkomne til å melde seg på til konfirmantførebuing i Ål. Det viktigaste med konfirmasjon er å ha eit rom for å utforske store og små spørsmål i livet knytt til tru, tvil, identitet og fellesskap. I tillegg deltek konfirmanter på fleire ulike aktivitetar som handlar om å hjelpe andre.

**KONFIRMANT**  
2025



Foto: Kirkens Nødhjelp

## Håpsaksjonen 2024

Stor takk til alle konfirmanter og frivillige som bidrog under årets fasteaksjon også kalla håpsaksjonen. Totalt ble det samlet inn 15.572 kr til Kirkens Nødhjelp.

Ål 5.246 kr, Torpo 4.079 kr og Leveld 6.247 kr.

# VISITAS



SAMLING MED STABEN

## med biskop Jan Otto Myrseth

Foto: Tunsberg bispedømmekontor



MORGENBØNN: i Ål kirke ledet av biskopen, kirkemusiker Vemund Olav Aukrust og prostiprest Ole-Jonny Kleveland Lomme.



SUPERTIRSDAG: Middag for travle familier i kyrkjestugu!



BEDRIFTSBESØK: Tanken Coworking er et sosialt og kompetanserikt fellesskap for privatpersoner, gründere og bedrifter. Kanskje kirken har noe å lære av denne kreative gjengen?



PRAT PÅ KULTURHUSET: i forkant av folkemusikalen Stavkyrkja i Ål kulturhus. Tore Dvergastein, kulturrådgiver ved bispedømmekontoret, i samtale med biskopen, manusforfatter Eldgrim Springgard og komponist Jo Asgeir Lie.



REISELIV: Turen gikk videre til Bergsjøstølen Fjellstue og driftsleder kåre Berg. Her er gjengen på befarung i igloen som ligger like ved hytta. Hvordan er det å drive reiseliv 1100 moh., og kan kirka få til et tettere samarbeid med reiselivet?



**SAMARBEIDSMØTE:** Turen gikk videre til sykehjemmet i Ål og samarbeidsmøte med Heidi M. Kvalvågnes, trivselskoordinator (f.v.), Tone F. Berg, leder for langtidsavdelingen og Borhild Ulshagen, kommunalsjef. Fra kirken stilte prost Sveinung Hansen, biskopen, Line Bakke, diakon i Ål og Astri Olga Tretterud, diakonirådgiver ved bispedømmekontoret.



**SYKEHJEMMET:** Besøket på sykehjemmet ble avsluttet med andakt, sang og nattverd med beboerne. Kirken har en lang tradisjon med å tilrettelegge for at pasienter på institusjoner får slike tilbud. Det handler om alles rett til trosutøvelse og helhetlig omsorg, en ivaretagelse av pasientens åndelige og eksistensielle behov.



**MØTE MED SOKNERÅDET:** Dagens siste post på programmet var møte med soknerådet i Ål, for å samtale om status og utfordringer i arbeidet.



**TORPO SKULE:** På visitasens tredje dag fikk biskopen prøvd dansefoten på Torpo skule, hvor flagget var heist på full stang. Biskopen fikk en eksklusiv omvisning av elevene på den moderne skolen, og ikke minst: pølser og lapper!



**KAFE TID:** Turen gikk videre til Kafe TID, et arbeidstreningstilbud som springer ut fra kirkens diakonale tjeneste. I dag er TID en egen stiftelse. Over hundre personer har vært innom siden oppstarten i 2017, og kommet videre ut i skole eller jobb. Marte Bergsgard (f.v.) har fast jobb på kafeen. Monica Teigen Sorteberglien er deltidsansatt og frivillig, Roda Jangy er på språkopplæring og Marie Skjerdal er driftsleder.



**TRERETTERS:** Dagen ble avsluttet med middag sammen med kommuneledelsen. Her er biskopen sammen med ordføreren og rådmannen i Ål, Solveig Vestenfor og Karsten Popp Dideriksen. Trerettersmiddagen med ukrainsk mat var laget av flyktninger fra Ål introsenter.

## «Vaffel og svall»

Ein møteplass til å svalle om stort og smått i kyrkjestugu siste fredagen kvar måned frå kl. 11-13. Ta gjerne med deg handarbeid. Det står framme vaffelrøre som ein kan steike seg og det er kaffi/te. Mari og Karoline svallar om gardsbesøket på garden til Tveito. Kva har du lyst til å svalle om? Ta med deg naboen så svallast me! *Line Bakke*



Svalla fra gardsbesøk. Foto: Line Bakke

## SuperTirsdag blir til SuperTorsdag

Det er så gøy og kjekt at det dukker opp så mange på middag kvar tirsdag i kyrkjestugu. Det er med på å drive dette vidare. Nå er det ei lita pause, men til hausten tar vi frem grytene igjen og koker mat. Det blir SuperTorsdag 5. september frå kl. 16-17:30.

*God sumar til alle. Hilsen Elin.*



## Babysang

Eg vil få takke alle som har komme på babysang siden hausten 2022. Det har vort veldig koselig å bli kjent med så mange barn og foreldre. Til hausten er det trosopplærar Gina som tar over. Velkommen til gamle og nye. Oppstart 9. september kl. 11-13 i kyrkjestugu. *Elin Etterlid Tveito*



## Sorggrupper

Døden kan kome brått, andre gonger meir venta. Men å miste nokon i nær relasjon vekkjer tankar og kjensler hjå oss. Å setje ord på dette kan vere til hjelp. Det er viktig å kome saman for å gje rom for sorga gjennom å støtte og hjelpe kvarandre. Vi tar opp

sårbare tema rundt ein kopp kaffi og ein bestemme sjølv kva ein vil dele i gruppa. Alle har teieplikt. Det er eit gratis tilbod til alle i Hallingdal og det blir oppstart så fort det er nok påmelde. Sted: Ål kyrkjestugu kvar tredje veke.

- Sorggruppe for dei som har mista ein ektefelle eller sambuar
- Ungdomsgruppe frå 14-20 år som har mista nokon som står dei nær i død eller er pårørende til sjuke familiemedlemmar.
- Gruppe for etterlatne etter sjølv mord
- Samlivsbrot. Gruppe for dei som er i ein separasjonsfase, eller står midt i det.

Kontaktinformasjon til gruppeleder

Diakon og familierapeut Line Bakke.  
E-post: lb427@kyrkja.no

## Kyrkjesundag for eldre

Velkomen til gudstenste med nattverd og kulturelt innslag i Ål sundag 16 juni kl. 11. Etter messa blir det ein enkel kyrkjekaffi. Helsetunbussen går frå hovudinngangen, låvebrua v/Uppigarden til kyrkja, og attende etter messa. Det vil være medhjelparar på bussen og i kyrkja. Møt opp kl. 10:15.

## Dagstur til Nesbyen

Hold av 4 september for då arrangerer formiddagstreffkomiteen i Ål, Torpo og Leveld tur til Nesbyen. Meld deg på allerede nå til diakonen eller til kyrkjekontoret!




## Speidarbøna

Foto: Ole Håkon Opsata

Me syng speidarbøna for å markere fellesskapet me har i speidaren. Teksten skal minna oss på speiderløftet og speiderlova, og vårt forhold til trua.

*Kjære Far i høge himmel,  
høyr mi stille hjartebøn:  
Kvar eg enn i verda vankar,  
lat meg bli som Sonen din.  
Lat meg leva deg til æra,  
heidre Noreg, far og mor,  
andre folk til hjelp få vera,  
og så lyda lova vår.*



# VI GÅR I KYRKJA

16 juni kl 11:  
Eldres kyrkjesundag i Ål kyrkje.

23 juni kl. 11: Torpo kyrkje.  
Kl 13: Ål bygdamuseum.

30 juni kl 11: Leveld kyrkje.

7 juli kl 19: Torpo kyrkje

14 juli kl 11: Vats fjellkyrkje

21 juli kl 19: Stavkyrkjetomta i Ål

28 juli kl 11: Nystølkyrkja

29 juli kl 18:  
Olsokgudsteneste i Torpo stavkyrkje.

4 august kl 11: Ål kyrkje.

11 august kl 11: Leveld kyrkje.  
Kl 13: Sangefjell naturkatedral.

18 august kl 11: Ål kyrkje

25 august kl 11: Torpo kyrkje

1 september kl 11: Leveld kyrkje

## DØYPTE

### Torpo

05.05.2024 Henry Olav Hefte Rydén

### Vats fjellkyrkje

28.04.2024 Theodor Evjen-Lågrinn

### Ål kyrkje

07.04.2024 Leah Toros Skarsbø

### Leveld kyrkje

31.03.2024 Henny Von Gohren Heir

## VIGDE

### Ål

30.03.2024 Tormod Løkensgard Bakkeplass  
& Sonia Dey

14.02.2024 Karianne Ekstø Dyrstad  
& Remi Dyrstad

## DØDE

### Ål

Olga Herasymenko	f.1958	d.03.01
Kåre Martin Bergo	f.1922	d.06.02
Bjarne T. Haug	f.1928	d.09.02
Anna Borgny Hoff	f.1925	d.11.02
Oddmund Tveito	f.1940	d.20.02
Sigurd Kirkebøen	f.1931	d.25.02
Ellen Storedal	f.1935	d.29.02
Jan Kåre Nilsen	f.1941	d.01.03
Tomas Kreken	f.1935	d.17.03
Ola Venås	f.1926	d.27.03

Unni Lovise Adolfsen	f.1940	d.25.03
Holteheggen	f.1951	d.08.04
John Ekse	f.1928	d.11.04
Borgny Gjeitsund	f.1928	d.11.04
Erling A. Moen	f.1950	d.18.04

### Leveld

Knut Håkonsen Skrindo	f.1924	d.21.02
Edith Elvine Skarsgård	f.1935	d.16.04

### Torpo

Björg Haldis Rudningen	f.1946	d.02.02
Ingunn Slaatten	f.1970	d.23.03
Signe Slaatten	f.2005	d.23.03
Sander Slaatten	f.2001	d.23.03
Arne Slaatten	f.1965	d.23.03

**Kirkens SOS: 22 40 00 40**

(landsnr.)

**Neste nummer  
av Ål kyrkjeblad  
Kjem ut 9. september**

## Barnelatter og ein kaffekopp ute i sola

*Vi er takknemlege for at Gina Ingeborg Hagen (43) blir vår nye trosopplærar frå 5 august. Hjerteleg velkomen til oss her i kyrkja!*

Gina har bred erfaring med å jobbe med ungdom på grunn av jobben som lærar på Ål ungdomsskule. Ho er utdanna adjunkt med tilleggsutdanning, og byrja jobbe som lærar i 2005, hvor ho stort sett har undervist i norsk, KRLE og samfunnsfag. Ellers er ho oppvaksen på gard i Vang i Valdres med foreldre og to brør. Der dreiv ho mykje med folkemusikk og folkedans.

### **Har du noko erfaring med å jobbe i kyrkja?**

Vil seia at eg har lite erfaring med å jobbe i kyrkja. Men eg var omvisar i stavkyrkja nokre sumrar som student.

### **Kva gler du deg mest til når du startar opp som trosopplærar i kyrkja?**

Eg gler meg til å bli kjent med kollegaene, alle barn, ungdom og foreldre som nyttar seg av kyrkja sine tilbod.



Foto: Privat

### **Kva gjer deg takknemleg?**

Når ein tenkjer over kva ein er takknemleg for så blir det mange ting; ein klem, ein kaffekopp ute i sola og barnelatter. Men noko av det eg er mest takknemleg for er når familie og andre rundt meg vår vera friske.



**DIN ANNONSEPLASS**



# Barnas



## Prikk til prikk



Teikn ein strek frå 1 til 2 og så vidare. Kva skjuler seg her?

Per hadde fått nye briller, og mor hans spurde han:  
- Ser du bra med dei nye brillene, Per?  
- Ja, pappa!

**Vitsar**  
To nåler sat på ei benk og kjeda seg. Så sa den eine:  
- Kom, så stikk vi!


Gje barnebladet Barnas til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.


Bestill abonnement på [sondagskolen.no](http://sondagskolen.no) eller 22 08 71 00



## Finn fem feil



Her viser Jesus seg etter at han døde og stod opp att. Dei to bileta er nesten heilt like, men kan du finne fem feil på biletet under?



## Kryssord

- |    |                      |                                    |
|----|----------------------|------------------------------------|
| 1. | <input type="text"/> | Bygning i Apostelgjerningane 15,16 |
| 2. | <input type="text"/> | Konge i Matteus 2,3                |
| 3. | <input type="text"/> | Dyr i Matteus 21,2                 |
| 4. | <input type="text"/> | By i Apostelgjerningane 18,1       |
| 5. | <input type="text"/> | Konge i Romarane 4,6               |
| 6. | <input type="text"/> | By i Lukas 7,11                    |
| 7. | <input type="text"/> | Stilna i Matteus 14,32             |
| 8. | <input type="text"/> | Kvinne i Johannes 20,11            |

Bruk Det nye testamentet i Bibelen for å koma fram til løysingsordet.

Barnas

Teikning: Faye Simms

Dua er ein av mange kristne symbol. Ein finn dua i historien om Noahs ark, der dua vart sendt ut for å leite etter tørt land og kom tilbake med ei frisk olivengrein.

Ein finn og dua med i historien om då Jesus vart døypt av søskenbarnet sitt Johannes. Då kom det

## Dua

ei due ned frå himmelen, mens ein kunne høyre at Gud sa «Dette er min son som eg elsker».

Over døypefonten i kyrkja heng ei due. Den representerar Den Heilage Ande som er Gud sin ånd/ ande/ pust.

Dua vert ofte brukt som symbol for fred.

## KONKURRANSE med 5 premiar!



Dua vår har gøymt seg fleire andre stader inne i bladet. Kan du leite og finne ut kor mange duer? Send antalet, saman med namn og alder på mail til Line diakon [lb427@kyrkja.no](mailto:lb427@kyrkja.no) og merk med «Due - Kyrkjeblad 2-24»

Me vil trekkje fem vinnarar som får kvar sin premie. Fristen er 15.08.24. Vinnarane vert kontakta.